



Karoline Neset og hjelparane hennes i Systrene Nilsen hadde rekna med opptil 200 frukostgjestar i morgontimane i dag. Ifjor var det 150 som takka ja til invitasjonen om gratis frukost frå vertshuset og Spar, ein av dei meir storslagne satsingane i samband med Festidalen. Om det kom så mange veit vi ikkje i skrivande stund, men omtrent midtvegs i serveringa som vara i 2 timar var det ikkje mange ledige plassar. Det kom og gjekk så mange at det var håplaut å rekna.

Også i år imponerte vertane med standarden, som trygt kunne rubiserast som høg hotellstandard. Dette var såvisst ingen nøktern continental frukost.

Ikkje minst var det grunn til å vera nøgd med frisk frukt og mange sortar juice i tillegg til det vanlege frukost-innhaldet.

Eit tiltak som dette er ein viktig del av ein etterkvart omfattande marknadsføring av Uskedalen som ikkje kan reknast i pengar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

